



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/276-1

Sakshandsamar: Arvid Moen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Helse og sosialutval Formannskap Kommunestyre	26.02.2025	4/25

Revidert investeringsbudsjett 2025-2026 - Helse - Husbanken

Saksframlegg godkjent 17.02.2025.

Finn Arne Askje
kommunedirektør

Vedlegg

- 1 Prosjektrapport Åheim
- 2 Vernerunde Åheim handlingsplan 2024
- 3 forslag ny utforming bygg ÅF-1210 Åheim fellesbygg plantegning
- 4 Eksisterende bygg ÅF-1210 Åheim fellesbygg plantegning

Bakgrunn for saka

Utsetjing av prosjekt Åheim kjøkken og kontor og formannskapet sin befarings 29.01.2025, samt møte mellom Teknisk og Husbanken 3.02.2025.

Vidare er det kome merknader frå VO på Åheim sendt politikarane og informasjon om at ein kan søkje om støtte frå Husbanken, vel kommunedirektøren å legge fram politisk sak. Då tiltaket må vere fullfinansiert før ein kan setje fram ein søknad til Husbanken.

Saksutgreiing

Når ein skal sende forespørsel til Husbanken om investeringstilskot, må kostnaden vere fullfinansiert i økonomiplanen. Totalsum for to prosjekt må då reviderast.

Prosjekt Åheim kjøkken og kontor blei flytta frå 2025 til 2026 i budsjettvedtaket i desember 2024, i etterkant av det møtet har Formannskapet vore på befaringsreise på Åheim. Tilbygg og omfanget av prosjektet har blitt større enn først tenkt på grunn av lovkrav til funksjonar i bygget. Deriblant garderobar og medisinerom. Ein syner i denne samanheng til vedlegg nr. 2 og brev til politikarane frå VO.

Teknisk etat tok kontakt med Husbanken, der det blei gjennomført møte og befaringsreise på fleire aktuelle prosjekt i kommunen. Møtet blei gjennomført den 03.02.25.

I etterkant av møtet med Husbanken har det kome skriftleg stadfesting på at Husbanken dekkjer 55% av heile prosjektet på Åheim. Dei to prosjekta som er avsett midlar til bør bli eit prosjekt. (Kjøkken/kontor og **sprinkelanlegg** - tiltak 69 og 29 i tabell 1 under.)

På møtet med Husbanken blei også prosjektet om Dagsenter drøfta, her er det avsett 4 500 000,- i 2025. På et tidleg tidspunkt blei det sagt at dagsenteret skulle vere ca 100m² x 45 000 pr m². Det er uheldig at ikkje omfang av m² som er berørt og summar er sett opp før kommunestyret i desember 2024.

Tokke kommune har ikkje eigna lokaler for vaktmeister og heimevaktmester, det er ikkje plass til verkstad og skikkeleg lager i eksisterande bygningsmasse. Heimevaktmestaren er ansvarleg for alle hjelpemiddel i kommunen, det er uheldig at dei må ha verkstad i ambulanseinngangen og i nærleiken av bårerommet.

Det er avsett 1 000 000,- i 2025 til lager/verkstad for vaktmestere. Det kan vere fornuftig å sjå dette i samanheng med bygging av dagsenter.

Kostnader:

Tokke Kommune har fått og får kanskje fleire tilskot frå Husbanken i 2025 som ikkje er medrekna i økonomiplanen.

Oppsummering av prosjekt som er søkt om/skal søke på:

1. Prosjekt Åheim kjøkken og kontor

I økonomiplanen er det avsett 1 950 000 utan tilskudd frå Husbanken.

Husbanken har bekrefta skriftleg at dei støttar prosjektet fullt ut med 55%.

Bør slå Sprinkelanlegg Åheim saman med dette prosjektet, bevilga 1 500 000,- i økonomiplan med tilskudd 55%.

Teknisk etat har kalkulert: 7 425 000 + sprinkling 1 500 000 = 8 925 000. Legg ein inn totalramme på 9 millionar vil kommunaldel bli 4 050 000,-

Det er ikkje sendt inn forespørsel på dette prosjektet, her må ein auke ramme før det eventuelt kan gjerast. Alle tiltak må vere fullfinansiert før ein kan søkje.

Kommunedirektøren meiner at ein ved Åheim no må lukke alle avvik frå vernerunden samstundes som ein utbetrar kjøkken og kontor.

Sjå vedlagte filer og prosjektrapport på prosjekt Åheim.

2. Bad leiligheter Åheim

Husbanken oppfordra etter befaring 3/2 å søke investeringstilskudd på oppgradering av bad på Åheim. Det er mogeleg å få eit tilskot på 55%. Ferdigstillelse juni 2025.

3. Enøk tilskudd utskifting vindu Åheim

Søknad sendt om energitilskudd på utskifting av vinduer på leiligheter Åheim. Behandling søknad fra uke 8, tilskudd 50% og maks 205 600,-

4. Skyllerom avdeling B Tokke Helsesenter

Forespørsel om investeringstilskudd sendt til Husbanken. 1 000 000 bevilga i økonomiplanen, 55% tilskudd maks 550 000 i tilskudd. Ferdigstillelse desember 2025 om søknaden blir innvilga.

5. Glas Tokke Helsesenter

Søknad om energitilskudd sendt til Husbanken, maks 50% tilskudd av faktiske kostnader. 2 000 000,- avsett i 2025 i økonomiplanen. I søknaden står det oppstart i juni 2025 og ferdigstillelse juni 2026.

6. Dagsenter Tokke Helsesenter (prosjekt nr.:23) og lager/verkstad vaktmeister (prosjekt nr.: 32)

Desse prosjekta bør bli eit prosjekt. Avsett 5 500 000 i økonomiplanen for desse prosjekta. Nytt skisseforslag blir klart 04.03.25 for gjennomgang. Totalkostnad for dette prosjektet må reviderast etter skisse kjem. Kostander er usikre, men antar ein stad mellom 7 og 8 millionar. Budsjett må reviderast før ein eventuelt kan sende inn førespurnad. Endeleg prosjektering skjer i budsjettet for 2026.

7. ENØK aldersboligar

Tilskot frå Husbanken er innvilga på alle aldersboligane på Dalen og leilighet nummer 9 og 10 i Høydalsmo. Vindauge på 11 leilegheiter skal byttast ila 2025. Tilskuddet som er vedtatt er maks 2 306 968,- eller 50% av faktiske kostander. Avsett 2 000 000,- i økonomiplan til aldersboligar i 2025. Dette prosjektet må ferdigstillast i 2025.

8. Lårdal Alderspensionat

Her er det mulig å søke om energitilskudd, ingen andre tilskudd er innanfor frå Husbanken.

Vedteke investeringsbudsjett:

Tilleggsnotat		INVESTERINGSPLAN Vedtak 15.12.2024					
	Nr	PLO	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Total 25 26	Støtte husbanken 2025	Støtte husbanken 2026
Dagsenter	23	5	4 500	-	4 500	2 475	-
Åheim - kjøkken og kontor	29	5	-	1 950	1 950	-	-
Takheisar	30	5	-	2 000	2 000	-	1 100
Arbeidsrom vaktmester	32	5	1 000	-	1 000	-	-
Kommunale utlegebustader, (Bad/Enøk Åheim)	38	5	1 500	1 500	3 000	-	-
Oppgradering aldersbustader	40	5	2 000	2 000	4 000	-	-
Oppussing skyllerom avdeling B	68	5	1 000	-	1 000	550	-
Sprinkelanlegg Åheim	69	5	-	1 500	1 500	-	825
Skifting av glas helsesenter	70	5	2 000	-	2 000	1 100	-
Sum brutto investeringer			12 000	8 950	20 950	4 125	1 925
Sum momskomp			2 400	1 490	4 190		
Sum låneopptak			5 475	5 535	11 010		

*) Utdrag frå investeringsbudsjettet. Tabell 1

Justering av investeringsbudsjettet

Justert investeringsplan pr februar 2025							
	Nr	PLO	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Total 25 26	Støtte husbanken 2025	Støtte husbanken 2026
Dagsenter + arbeidsrom heimevaktmester	23	5	-	8 000	8 000	-	4 400
Åheim - kjøkken og kontor + sprinkelanlegg	29	5	-	9 000	9 000	-	4 950
Takheisar	30	5	-	2 000	2 000	-	1 100
Arbeidsrom vaktmester	32	5	-	-	-	-	-
Kommunale utlegebustader, (Bad/Enøk Åheim)	38	5	1 500	1 500	3 000	900	-
Oppgradering aldersbustader	40	5	2 000	2 000	4 000	500	-
Oppussing skyllerom avdeling B	68	5	1 000	-	1 000	550	-
Skifting av glas helsesenter	70	5	2 000	-	2 000	1 000	-
Sum brutto investeringer			6 500	22 500	29 000	2 950	10 450
Sum momskomp			1 300	4 200	5 800		
Sum låneopptak			2 250	7 850	10 100		

Sum endring låneopptak	-3 225	2 315	-910
-------------------------------	---------------	--------------	-------------

Tabell 2.

Konklusjon

Samla investeringar blir på ovanfor nemnte tiltak 29 000 000 – mens det i opphøveleg budsjett var 20 950 000. Det er ein auke i investeringa på 8 050 000 – eks mva 6 440 000.

Auken i støtte frå Husbanken er 7 360 000.

Om ein løyser utfordringane fullt ut, vil ein likevel få ein lågare netto låneopptak enn budsjettet.

Lårdal alderspensjonat er ikkje vurdert i denne samanhengen

Kommunedirektørens tilråding

Kommunedirektøren tilrår at ein justere investeringsbudsjettet i samsvar til tabell 2 over.

Det blir teke atterhald om at ein ikkje tek til med prosjekt, før tilsagn på støtte frå Husbanken.

Helse og sosialutval si handsaming av sak 4/2025 i møtet den 26.02.2025

Røysting

Laila Karlsen Taraldlien(Sp) kom med nytt forslag til vedtak:

HSU sender saka tilbake for å oppdatere saka med riktig finansiering.

Laila Karlsen Taraldlien sitt framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

HSU sender saka tilbake for å oppdatere saka med riktig finansiering.
